



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Ellen Marie Hundvebakke /  
47883993

Vår referanse:  
17/16194-11

Deres referanse:

Vår dato:  
13.02.2019

### **Merknader til søknad om dispensasjon fra rekkefølgekrav – Fv. 565 Marås – Soltveit**

Viser til brev sendt 31.01.19 «oversendelse av dispensasjonssøknad til Radøy kommune – fv. 565 Marås–Soltveit». Vi har fått inn nokre merknader i etterkant, som skal behandlast saman med denne søknaden.

Statens vegvesen har summert opp merknadene og svart ut i tabell vist under.  
Originale merknader er også vedlagt dette brevet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Heiane 4  
5131 NYBORG

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Oppsummering av motteken merknad	Svar til merknad
<p>Merknad frå Solfrid Kartveit</p> <p>Merknadsstillar påpeiker at på strekninga mellom Tømmervelteplassen Kjeset og Marås er trafikktryggleiken særleg dårleg. Det gjeld for mjuke trafikantar. Det er fleire stader langt mellom busstopp og bustader, og tilhøva for mjuke trafikantar langs vegen er ikkje gode.</p> <p>Merknadsstillar meiner manglande tryggleik vert ytterlegare forverra når ny veg mellom tømmervelteplassen og Soltveit vert bygt, sidan det vil gi svært aukande trafikk.</p> <p>Vidare peikar merknadsstillar på at det er vanskelig å komme ut i vegen med bil/traktor frå avkøyrslene på denne strekninga. For å betre desse tilhøva ynskjer ho fartshumpar på begge sider av avkøyrslene, samt at frisikt vert utbetra. I tillegg nemnar ho at det må setjast opp gjerde på begge sider av vegen.</p> <p>Merknadsstillar ynskjer at alle avkøyrslar kan nyttast som busstopp, slik at dei som nyttar kollektivtrafikk kan unngå å gå langs vegen.</p> <p>Ho peikar også på at sidan vegen er smal vert avkøyrslar nytta som passeringsslomme/møteplass. Desse må difor utbetrast, vedlikehaldast og brøytast av vegvesenet.</p> <p>Vidare nemnar merknadsstillar at Snekkevika Båt- og Interesselag også har rett til avkøyrslar til fylkesvegen.</p> <p>På eigedom gnr/bnr 59/1 vert alle avkøyrslene (5 stk) nytta i drifta av bruket. På fylkesvegen er det fleire stader det rasar stein i vegen. Dette gjelder også strekninga vidare sørover mot Marås.</p>	<p>Merknaden omhandlar i hovudsak tilhøva på strekninga fv. 565 tømmervelteplassen – Marås, ei strekning som i utgangspunktet skulle utbetrast gjennom Nordhordlandspakken, men som nå vurderast utelatt på grunn av manglande finansiering. Dispensasjonssøknaden omhandlar ikkje dette eller denne strekninga, men at G/S-veg vert utelatt sjølv om det er stilt krav til det i føresegna i reguleringsplan for ny veg.</p> <p>Vi har likevel valt å summere opp og svare ut merknaden.</p> <p>Merknadsstillar hevder at det vil verte svært aukande trafikk på strekninga når ny veg vert bygt. Noko auke vil det vere, men truleg er denne avgrensa sidan tiltaket i seg sjølv ikkje er trafikkskapande og sidan det vil vere bomstasjon på den nye vegstrekninga.</p> <p>Dersom det viser seg at det ikkje vert tilstrekkeleg med midlar til å bygge strekninga tømmervelteplassen – Marås vil strekninga verte liggande som i dag, ventande på finansiering av ny veg etter gjeldande plan.</p> <p>Sidan ny veg vil erstatte eksisterande veg (når den er finansiert og bygt) vil det heller ikkje verte gjort større tiltak på eksisterande veg mellom tømmervelteplassen – Marås, dette gjeld utbetring/sanering av avkøyrslar og bygging av nye busstopp.</p> <p>Avkøyrslar til Snekkevika eksisterer i dag, og er sikra gjennom gjeldande plan.</p> <p>Statens vegvesen vil vurdere, i samråd med Skyss, om det er opning for at ein i større grad kan nytte eksisterande avkøyrslar til busstopp.</p>

<p>Merknadsstillar ber om ei synfaring på strekninga saman med Statens vegvesen.</p>	<p>Vidare vil vi oversende merknaden internt til drift og vedlikehald hos Statens vegvesen for å gjere dei merksam på steinsprang i vegbana, samt behov for siktrydding i avkøyrslene.</p> <p>Statens vegvesen vil kontakte merknadsstillar for å avtale eit tidspunkt for synfaring.</p>
<p>Merknad frå May Britt Gjerde Merknadsstillar er positiv til ein del av utbetringane, men ynskjer ikkje fartshumpar på eksisterande veg pr 75 m Merknadsstiller ynskjer heller at fartsgrensa vert sett ned til 30 km/t på heile strekninga.</p>	<p>For å sikre at farta vert låg på eksisterande veg når ny veg er bygt er det naudsynt med fartsreducerande tiltak som humpar i tillegg til skilting.</p>

Vegseksjon Nord,- Midt- og Sunnhordland  
Med hilsen

Gunhild Beate Nes Vangsnes  
Seksjonsleiar

Håvard Dyrkolbotn  
Prosjektleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

16/86179-046  
430

Solfrid Kartveit  
Slettevegen 441  
5936 Manger  
Tlf. 56371512/92867501

Statens Vegvesen  
Heiane 4  
5131 Nyborg

Dykkar ref. 16/86179-45  
v/Ellen Marie Hundvebakke

### **Søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav – Fv 565 Marås – Soltveit**

I samband med at eg har motteke nabovarsel vedk. ovanfor nemnde sak vil eg koma med fylgjande merknader:

På strekninga mellom **Tømmervelteplass Kjeseth og Marås** er det også mange avkjørsler frå eksisterande bustadhus og eigedomar. Det er ikkje teke omsyn til desse i den nye planen. Mjuka trafikkantar må gå langs den smale vegen til busstopp m.m. utan at det vert teke omsyn til dette. Det er langt mellom busstoppa og busetnaden. Her er 3 busstopp på denne strekningen  
1 stk. på Kjeseth ved avkjørsle til Lervik  
1 stk. ved avkjørsle til Haugstad  
1 stk. på Marås

Det er nesten umogeleg å gå langs vegen slik den er i dag, noko som vert mykje fårlegare med **svært aukande** trafikk p.g.a. den nye vegen som skal byggast.  
**Denne strekningen vil verta ein "flaskehals".**

Det vert også svært vanskeleg å koma seg ut i Fv 565 med traktor/bil for dei som bur langs denne strekningen når trafikken vert auka som fylgje av dette. Fartsgrensa er 80 km/t i dag og bør reduserast til 50 km/t. Det bør også lagast fartshumpar på begge sider av avkjørslene. Frisikta for avkjørslene bør utbetrast av Vegvesenet. Gjerdje langs vegen på begge sider må Vegvesenet setja opp og vedlikehalda.

Det bør settjast opp nye busstopp ved avkjørslene, slik at mjuka trafikkantar slepp minst mogeleg å gå langs vegen.

Langs denne vegstrekningen er det i dag svært få forbikjørsler og vegen er så smal at 2 bilar ikkje kan passera kvarandre. Dei private avkjørslene vert difor i dag nytta som forbikjørsler. Desse private avkjørslene må difor utbetrast og vedlikehaldast /brøytast av Vegvesenet, slik at desse kan nyttast til både busstopp og forbikjørsler.

Snekkevika Båt- og Interesselag med 24 medlemmer har også rett til avkjørsle til Fv 565 og det må takast omsyn til dette – båtar og traktorar skal inn og ut på denne vegen.

Gnr. 59, bnr. 1 eig alle avkjørslene på dette bruket og nyttar seg av desse i samband med gardsdrifta også med traktor. Her er 5 stk. avkjørsler på gnr. 59, bnr 1. I tillegg har gardsbruket driftsbygningen plassert slik at vegen til Lervik må nyttast til og frå denne. Bustadhuset som vert nytta i samband med gardsdrifta ligg lengst nord – ikkje langt frå der vegen skal byggast til i den nye planen - Tømmerplassen. Det er difor naudsynt å kunna bruka traktor på heile strekninga. Har dessutan slåtteng heilt inne på Sævdal ved Marås.

På denne strekninga mellom vegen som går til Snekkevika og heilt opp til gardsvegen på same sida av vegen er det stor fare for at lause steinar raser ut frå fjellveggen. Dette skjer ofte i dag.

Dette gjeld også lenger inne mot Marås.

Vegen er så smal at det vert store vanskar når det vert auka trafikk i begge retningar.

Det kan av den grunn vera ynskjeleg at det vert synfaring langs denne strekninga .

Eigar av gnr. 59. bnr. 1 ynskjer å vera med på denne synfaringa.

Manger, 28. januar 2019

*Solfrid Kartveit*

Solfrid Kartveit

**Fra:** [Dyrkolbotn Håvard](#)  
**Til:** [Hundvebakke Ellen Marie](#)  
**Emne:** Fwd: Rv.565 Tolleshaug\_Soltveit  
**Dato:** tirsdag 12. februar 2019 11:09:41

---

Hei.Me har motatt nabovarsel ang G/S veg over Sletta.Me er positiv til ein del av utbedringane.Men fartsdumpar pr.75 meter er galskap.  
Me har levd med gjennomgang trafikk med store trailere,lastebiler og andre kjøretøy i alle år.Når nyevegen er klar og gjennomgangstrafikken forsvinn, skal me kjøra på ein veg med40 fartsdumpar.Dette øydelegg bygda og er galskap.Vurder heller å setja fartsgrensa til 30 kmt for heila strekket.Mvh May Britt [Gjerde Slettevegen 883 5939 Sletta](#)

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** "May Britt Gjerde" <[maybritt@gjer.de](mailto:maybritt@gjer.de)>  
**Dato:** 6. februar 2019 kl. 17:28:58 CET  
**Til:** [havard.dyrkolbotn@vegvesen.no](mailto:havard.dyrkolbotn@vegvesen.no)  
**Emne:** Rv.565 Tolleshaug\_Soltveit  
**Svar til:** "May Britt Gjerde" <[maybritt@gjer.de](mailto:maybritt@gjer.de)>

Hei.Me har motatt nabovarsel ang G/S veg over Sletta.Me er positiv til ein del av utbedringane.Men fartsdumpar pr.75 meter er galskap.  
Me har levd med gjennomgang trafikk med store trailere,lastebiler og andre kjøretøy i alle år.Når nyevegen er klar og gjennomgangstrafikken forsvinn, skal me kjøra på ein veg med40 fartsdumpar.Dette øydelegg bygda og er galskap.Vurder heller å setja fartsgrensa til 30 kmt for heila strekket.Mvh May Britt Gjerde Slettevegen 883 5939 Sletta